

Norm for kommunale vegar i Bømlo kommune



08.11. 2018

Rådmannen

Innholdsliste:

1. Del 1. Innleiing	4
1.1. Forord.....	4
2. Del 2. Administrative reglar	5
2.1. Verknadsområde.....	5
2.2. Kommunal overtaking av veganlegg	5
2.3. Nedklassifisering av statlege eller fylkeskommunale vegar	6
2.4. Nedklassifisering av kommunale vegar	6
2.5. Dispensasjon	6
2.6. Plan- og bygningsloven	6
2.7. Revisjon	6
3. Del 3. Planlegging, prosjektering utforming og bygging av veganlegget	7
3.1. Grunnlag	7
3.2. Fråvik.....	7
3.3. Vegtypar, dimensjoneringsklassar (SVV-N100)	7
3.4. Areal til veg og veganlegg.....	8
3.5. Utforming av vegar og gater (SVV-N100 og SVV-N200).....	8
3.6. Utforming og siktkrav, vegkryss (SVV-N100, SVV-N200 og tilhøyrande vegleiarar)	9
3.7. Utforming av løysingar for gåande og syklende (SVV-N100 og SVV-Vegleiarar)	9
3.8. Utforming og bygging av kantstein (SVV-N100, N101, N200 og SVV-Vegleiarar).....	10
3.9. Utforming og bygging av vegrekkverk (SVV-N101, SVV-N200 og SVV-Vegleiarar).....	10
3.10. Grøftefunksjon, stikkrenner og sandfang (VA-norm for Bømlo).....	10
3.11. Areal mellom vegkant og eigedomsgrense.....	11
3.12. Sikring av fjellskjæringar (SVV-N200, SVV-V223, V224)	11
3.13. Avkøyrsløse til privat eigedom (SVV-N100, SVV-N200 og SVV-vegleiarar)	12
3.14. Fartsdemparar (SVV-N100, N300, N302, V128)	12
3.15. Vegmurar (SVV-N200, N220, V270).....	12
3.16. Skilting/merking (SVV- N300, N302, SVV-V320)	12
3.17. Busstopp og leskur (SVV-N100, SVV-V123, V129).....	12
3.18. Parkering (SVV-N100, N200, N300, N302 SVV-V129)	13
3.19. Snuareal (SVV-N100, N200)	13
3.20. Støytiltak (SVV-N200).....	14
3.21. Ledelinjer for blinde og svaksynte (SVV-V129).....	14

3.22. Sikringsgjerde (SVV-N200)	14
3.23. Gatelys (SVV-N200 og SVV-V124)	15
3.24. VA-Grøfter (VA-Norm).....	15
3.25. Kabelgrøfter	15
3.26. Graving i kommunale vegar.....	15
3.27. Tekniske planar for vegar.....	16
3.28. Dokumentasjon og innmåling av nye kommunale veganlegg.....	16
Vedlegg:	17
Søknadsskjema graveløyve	17
Skjema for gravemelding	18
Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg. (Lovdata)	

1. Del 1. Innleiing

1.1. Forord

Denne vegnormen er samansett av 3 deler samt vedlegg

Del 1: Innleiing

Del 2 Administrative reglar

Del 3: Planlegging, prosjektering, utforming og bygging av veganlegget

Denne norma gjeld for alle vegar i vedteken vegliste over kommunale vegar på Bømlo og skal sikre:

- Effektiv og trafikksikker transport av menneske og gods.
- Best mogeleg tilpassing til busetnad, bumiljø, landskap, naturmangfald, kulturmiljø, vegetasjon og landbruksareal.
- Låge levetidskostnader for kommunale veganlegg.
- God kommunal service.

Norma er i stor grad basert på Statens vegvesen (SVV-N..) sine handbøker N100, N101, N200, N300, N302, Statens vegvesen sine vegleiarar (SVV-V..), VA-norm for Bømlo og NS-3420.

Vegnorma er utarbeidd med heimel i veglovas § 13, jfr. Samferdselsdepartementets forskrift av 29. mars 2007 (§ 3). Mynde til å fråvike vegnormalane innan forskrifta sine rammer er lagt til Vegdirektoratet for riksveg, fylkesutvalget for fylkesvegar og kommunen for kommunale veger.

For avkjørsle gjeld også forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentlig veg»

Planlegging av veganlegg skal gjerast med heimel i plan- og bygningsloven.

Ein har hatt som mål å gjere denne vegnormen kort, lettfatteleg og presis, samtidig som ein drar nytte av gjennomprøvde løysingar i vegnormalane i frå Statens Vegvesen. Ein må difor ha ei viss oversikt over innhaldet også i vegnormalane og tilhøyrande vegleiarar.

I del 3 er det under kvart tema vist til den aktuelle vegnormal og vegleiar frå Statens vegvesen (SVV). Reglar, tilpassingar eller presiseringar særskilt for vegnorma i Bømlo står i uthava kursiv tekst i tekstboks.

Ved eventuell motstrid gjeld den kommunale vegnorma framom Statens vegvesen sine vegnormalar.

2. Del 2. Administrative reglar

2.1. Verknadsområde

Vegnormen gjeld for alle vegar i vedteken vegliste over kommunale (offentlege) vegar.

I tillegg skal alle tiltak på kommunal veg utførast etter SVV V-129 (Universell utforming).

a. Tilhøve til eksisterande arealplanar etter plan og bygningsloven

Ved motstrid mellom vedteken arealplan og denne vegnormen, går arealplanen føre. Tilsvarande gjeld der det er gitt dispensasjon frå arealplanen. Den tekniske gjennomføringa skal imidlertid følgje norma i den grad det er mogeleg, såframt ikkje komplett søknad etter plan- og bygningsloven er sendt kommunen før vegnormen er i kraft, jfr. punkt c.

b. Tilhøve til oppstarta arealplanar.

Nye vegar må regulerast i samsvar med vegnorma såframt ikkje kommunen har motteke komplett planforslag for vurdering til offentlig ettersyn før norma vart sett i kraft.

c. Tilhøve til tidlegare godkjende søknader.

Nye vegar må omsøkjast og opparbeidast i samsvar med norma såframt ikkje komplett søknad etter Plan- og bygningsloven vart sendt kommunen før norma trådde i kraft med dei avgrensingar som følgjer av punkt a.

2.2. Kommunal overtaking av veganlegg

Etter skriftleg søknad kan private veganlegg overtakast av kommunen etter følgjande reglar:

- a. Når det er gjort vedtak i kommunen om overtaking, og/eller at partane har gjort eigen avtale om kommunal overtaking. Viss det ikkje er gjort eiga avtale om kommunal overtaking i bustadfelt, skal minst 70 % av feltet vere ferdig utbygd før kommunen kan overta feltet. Dette skal likevel vurderast i kvart tilfelle.
- b. Kommunen overtek ikkje veganlegg i private felt for fritidsbustader.
- c. Kommunen overtek ikkje veg i bustadfelt med mindre enn 15 bueiningar og/eller mindre enn 150 meter veg.
- d. Det skal haldast overtakingsforretning, som normalt vert kravd av utbygger. Det skal førast protokoll frå overtakingsforretninga. Feil og manglar som vert avdekkja skal rettast før sak om overtaking vert handsama politisk. Kommunen gjev frist for slik retting.
- e. Store veganlegg kan overtakast parsellvis eller trinnvis, jf. 2.2. j om garanti.
- f. Alle VA-anlegg som ikkje vedkjem vegfunksjonen i vegar som skal overtakast av kommunen, skal vere overtekne eller planlagt overtekne av BVA as.
- g. Veganlegg som skal overtakast av kommunen skal være bygd i samsvar med gjeldande arealplan, denne norma og godkjente tekniske planar – jf. 2.1. Det skal alltid utarbeidast og godkjennast teknisk plan for private felt som skal overtakast av kommunen.
- h. Veganlegget skal, i samsvar med gjeldande arealplan, delast i frå med eiga matrikkeleining og heimel skal overførast til Bømlo kommune.
- i. Det skal ikkje skiljast ut og overførast anna areal til kommunen enn det arealet som høyrer til veganlegget etter denne norma (parkeringsplassar, friareal, leikeplassar og anna restareal skal ikkje vere med)

- j. Veganlegget skal overførast til kommunen vederlagsfritt ved skøyte.
- k. Fråsegn frå eigar av privat grunn om frisiktsoner skal vere tinglyst.
- l. Ved overtaking av private vegar skal det stillast sikkerheit/bankgaranti tilsvarande NS 8405, pkt 9.2, 3. avsnitt. Dokumentasjon på at dette er gjort skal leggast fram.
- m. Det skal liggja føre ferdigattest for private veganlegg som skal overførast til kommunen.
- n. Veganlegget skal overleverast som eit nytt/renovert anlegg inkl. nødvendige skilt, rekkverk, gatelyst, sikringsgjerde og fartsdemparar. Dersom det er ynskje om fartsdemparar, skal behovet for dette vere vurdert og avklart. Gatelyst skal fungere, grøftar skal vere reinska, sandfang skal vere tømde og vegen skal vere kosta.
- o. Nye veganlegg vert overtekne i perioden 1.april – 1.september.
- p. Vegdata (senterlinje, vegkant, kantstein, bruer, skilt, drenerør, kummar, sluk og veglyst) skal dokumenterast og leverast til kommunen på SOSI format i god tid før overtakingsforretninga. Utbyggjar skal dekke alle kostnader med innmåling.
- q. Drift og vedlikehald av anlegga er utbyggjar sitt ansvar inntil anlegga formelt er overtekne av kommunen. Når anlegget har vore i drift i ca. 1 år, vert det kalla inn til synfaring. Det vert kalla inn til ny synfaring etter 3 år for kontroll av tilstanden på asfaltdekke. Kommunen kallar inn til synfaringane.
- r. Kommunen må i kvart enkelt høve vurdere om ein har kapasitet til å overta driftsansvaret og om ein har økonomi til dette innafor eksisterande budsjetttramme. Søknad om offentleg overtaking av nemnde anlegg skal sendast skriftleg til kommunen når det gjeld veg og VA-anlegg som vedkjem vegfunksjonen.

2.3. Nedklassifisering av statlege eller fylkeskommunale vegar

Europa-, riks- eller fylkesveg kan nedklassifiserast til kommunal veg etter veglovas § 7 og retningslinjer frå Vegdirektoratet – NA-rundskriv nr 97/13. Jfr. vedlegg.

2.4. Nedklassifisering av kommunale vegar

Sak om nedklassifisering av kommunal veg til privat veg skal sendast på høyring til grunneigarar og andre som har vegrett i vegen. Det skal gjerast politisk vedtak i slike saker.

2.5. Dispensasjon

Det kan gjerast unntak frå denne norma. Unntak frå norma skal vere grunngeve. Rådmannen kan gi dispensasjon, men store avvik skal handsamast politisk.

2.6. Plan- og bygningsloven

Utanom å stette krava i denne norma, skal all planlegging og bygging utførast i samsvar med plan og bygningsloven.

2.7. Revisjon

Norma skal reviderast ved behov.

Endring av norma som gjev større økonomisk konsekvens, skal godkjennast politisk.

3. Del 3. Planlegging, prosjektering utforming og bygging av veganlegget

3.1. Grunnlag

Nye kommunale veganlegg, eldre kommunale veganlegg som skal opprustast eller private veganlegg som skal overtakast av kommunen, skal etter denne norma, planleggast, prosjekterast, utformast og byggast etter vegnormalane (N) og vegleiarane (V) til Statens vegvesen (SVV). Dette gjeld også anlegg og løysingar for mjuke trafikkantar.

Unntaket er anlegg for handtering av overflatevatn i pkt. 3.1.10, som skal planleggast, prosjekterast, utformast og byggast etter VA-Norm for Bømlo kommune.

Andre tilpassingar og krav særskilt for del 3 i denne norma, er vist med kursiv i eigen tekstboks.

Versjonsnummer for aktuell SVV-vegnormal/SVV-vegleiar ved godkjenningstidspunktet av arealplanen for utbyggingsområdet skal leggast til grunn. Dersom vegnormalane/vegleiarane til Statens vegvesen fell vekk, skal siste versjon leggast til grunn fram til denne vegnormen vert revidert.

Versjonsnummer for VA-Norma for Bømlo kommune ved godkjenningstidspunktet av arealplanen for utbyggingsområdet skal leggast til grunn.

3.2. Fråvik

Mindre fråvik i tekniske løysingar frå del 3 i denne norma skal utgreiast og kan evt. godkjennast av rådmannen.

3.3. Vegtypar, dimensjoneringsklassar (svv-N100)

Det kommunale vegnettet i delast i følgjande dimensjoneringsklassar (SVV-N100, kap.C):

- a) **Samleveg Sa1:** Fartsgrense 50 km/t, inntil 2 km lengde, inntil ÅDT 1500, med eller utan enkelt/dobbeltsidig fortau. Gatelys.
- b) **Samleveg Sa2:** Fartsgrense 50 km/t, vegforbindelsarar mellom bygdelag, over ÅDT 1500. Med fortau el. Gang og sykkelveg. Gatelys.
- c) **Atkomstveg i bustadområder A1:** Fartsgrense 30 km/t, inntil 250 mtr.lengde el. 600 mtr. I sløyfe. Spesielt omsyn til mjuke trafikantar. Gatelys.
- d) **Atkomstveg i industriområder A2:** Fartsgrense 50 km/t. Punktbelysning.
- e) **Atkomstveg i spreidd busetnad A3:** Fartsgrense 50 km/t, inntil 3 km, inntil ÅDT 300. Punktbelysning.

Ved planlegging av dimensjoneringsklasse, er ein viktig parameter ÅDT. For å finne ÅDT må ein få utført trafikktejljing el. få kalkulert trafikkmengda av køyretøy med forankring i SVV-V713.

Ved planlegging skal val av dimensjoneringsklasse grunngjevast m.a. ved forklaring av ÅDT.

I bustadfelt utan gjennomgangstrafikk kan ein, som eit grovt anslag, bruke antal bueiningar i feltet multiplisert med 5 for å finne trafikkmengda. Alternativt kan også gjennomgangstrafikken bereknast på same måte og reknast med i trafikkmengda der dette let seg gjere.

Ved nyanlegg og ved full opprusting av eksisterande kommunal veg, der ein løyser inn grunn, skal det settast av tilstrekkeleg areal slik at det er plass til drift og vedlikehald som er naudsynt for å oppretthalde vegen sin funksjon sjølv ved pårekelege endringar i tilhøva.

Ved nyanlegg skal det settast av areal til offentleg veg i ein avstand av minimum 1.5 meter rekna ut i frå asfaltert skulder til veg, fortau el. gang og sykkelveg. Der det er fylling brattare enn 30 grader skal det i tillegg settast av areal ut til 0,5 meter ut om fyllingsfot. Der det er fjellskjæring skal det i tillegg settast av areal ut til 0,5 meter ut om skjæringstopp. I vegkryss skal det i tillegg settast av areal til siktsoner. Forstøtningsmurar over vegplanet i bustad og næringsområde skal normalt ikkje byggast/reknast med i vegarealet.

Vegareal skal delast i frå med eige matrikelnummer og heimel til eigedomen skal tinglysast på Bømlo kommune.

3.4. Areal til veg og veganlegg

Ved nyanlegg og ved full opprusting av eksisterande kommunal veg, der ein løyser inn grunn, skal det settast av tilstrekkeleg areal slik at det er plass til drift og vedlikehald som er naudsynt for å oppretthalde vegen sin funksjon sjølv ved pårekelege endringar i tilhøva.

Ved nyanlegg skal det settast av areal til offentleg veg i ein avstand av minimum 1.5 meter rekna ut i frå asfaltert skulder til veg, fortau el. gang og sykkelveg. Der det er fylling brattare enn 30 grader skal det i tillegg settast av areal ut til 0,5 meter ut om fyllingsfot. Der det er fjellskjæring skal det i tillegg settast av areal ut til 0,5 meter ut om skjæringstopp. I vegkryss skal det i tillegg settast av areal til siktsoner. Forstøtningsmurar over vegplanet i bustad og næringsområde skal normalt ikkje byggast/reknast med i vegarealet.

Vegareal skal delast i frå med eige matrikelnummer og heimel til eigedomen skal tinglysast på Bømlo kommune.

3.5. Utforming av vegar og gater (SVV-N100 og SVV-N200)

Vegar og gater skal planleggast, prosjekterast, utformast og byggast etter SVV-N100 og SVV-N200 samt tilhøyrande vegleiarar.

Dersom gang- og sykkelveg skal brukast som tilkomst til bustader skal den dimensjonerast som ein atkomstveg.

Ved nyanlegg skal det alltid leggest stivt asfaltdekke som slitelag.

Ved opprusting av kommunale vegar med eksisterande asfaltdekke skal det alltid leggest stivt asfaltdekke som slitelag. Overgang mellom gamal og ny asfalt skal alltid fresast før legging.

Mjukasfalt eller gjenvinningsasfalt kan brukast ved opprusting av eksisterande grusvegar.

I utbyggingsperioden i nye bustadfelt skal øvre bærelag/bindlaget på atkomstvegar og samlevegar fungere som anleggsdekke eller mellombels dekke. Slitelaget skal leggest etter at mesteparten (over 70 %) av feltet er utbygd, men likevel ikkje seinare enn 5 år etter legging av øvre bærelag/bindlag.


3.6. Utforming og siktkrav, vegkryss (SVV-N100, SVV-N200 og tilhøyrande vegleiarar)

Planlegging, prosjektering, utforming og bygging av kryss og siktkrav i kryss skal gjerast etter SVV-N100 og SVV-N200 samt tilhøyrande vegleiarar.


Dei mest aktuelle krysstypar finn ein i SVV-N100:

T og X-kryss, Rundkøyring og Avkøyrslar.

Viss frisiktszona unntaksvis går over privat grunn (eigedom som ikkje er kommunal), og som er planlagt skal vere privat for ettertida, skal siktszona sikrast med fråsegn og tinglysast som eit hefte på denne eigedomen. Tinglyst fråsegn skal ha ordlyd som hindrar etablering av vegetasjon, murar, gjerde eller anna sikthindring 0,5 meter over høgdenivået på vegkrysset.



Siktkrav i uregulerte T-kryss, mål i m. $L_1 = L_s$, $L_2 = 20$ m



Siktkrav i avkøyrslar (SVV-N100, ver.2018)

Trafikk i avkjørsel	Fartsgrense [km/t]		
	30 og 40	50, 60 og 80	90
ÅDT < 50	3	4	6
ÅDT > 50	4	6	8

Siktkrav i avkøyrslar, L_2 (SVV-N100, ver.2018)

3.7. Utforming av løysingar for gåande og syklende (SVV-N100 og SVV-N200 og tilhøyrande vegleiarar)

Planlegging, prosjektering, utforming og bygging av fortau, gangveg og gang og sykkelveg skal gjerast etter SVV-N100 og SVV-N200, samt tilhøyrande vegleiarar.

3.8. Utforming og bygging av kantstein (SVV-N100, N101, N200 og SVV-Vegleiarar)


Behov og krav til vis for kantstein er skildra i SVV-N100 og bruk av kantstein i tilknytning til rekkverk er skildra i SVV-N101. Kantstein skal byggast etter SVV-N200

I sentrumsområde skal det brukast naturstein som kantstein i samråd med Bømlo kommune, Teknisk Drift.

I bustadområde og næringsområde skal det brukast naturstein eller glidestøppt betongkantstein. Det skal ikkje brukast prefabrikkert betongkantstein.

Busstopp med busslommer skal ha kantsteinshøgde 18 cm.

Busstopp som kanstopp skal ha kansteinshøgde 18 cm.



Eksempel på setting av kantstein mot plenareal

3.9. Utforming og bygging av vegrekkverk (SVV-N101, SVV-N200 og SVV-Vegleiarar)

Rekkverk skal settast opp for sikring av trafikk langs skråningar, skjæringar, eller andre påkøyrsefarlege side hinder innafor sikringssona. Dette for å redusere skade på menneske, dyr og materiell mest mogeleg. Planlegging, prosjektering, typeval og montering av vegrekkverk skal vere i tråd med Statens vegvesen sin normal SVV-N101, SVV-N200 og SVV-Vegleiarar (V160 og V161). Sjå også pkt. 3.1.20.

3.10. Grøftefunksjon, stikkrenner og sandfang (VA-norm for Bømlo)

Planlegging, utforming og bygging av anlegg for handtering av overflatevatn skal gjerast etter VA-norm for Bømlo kommune.

Ved nyanlegg skal det settast av areal og byggast grøfter langs veg. Desse skal leie overflatevatn frå vegen til grøftesluk og vidare til utslepp til terreng. Grøftene fungerer også som fordrøyning av regnvatn.

Ved nyanlegg må ikkje overflatevatn leiast inn på tilstøytande eigedomar utan at det er tinglyst avtale om det. Dersom ein må bygge grøft for overvatn over privat grunn, skal det gjerast avtale om dette og avtalen skal tinglyst på eigedomen sitt grunnboksblad.

Der det ikkje er mogeleg å leie overflatevatn i vegbana til veggrøft, skal det byggast sandfangskum i fortau eller veg. Slukrist for slik sandfangskum skal plasserast cc 0,4-0,6 m frå kantstein og ikkje i hjulspora. Kjeftesluk skal normalt ikkje brukast ved nyanlegg. Største avstand mellom sandfangskummar i vegbana er 80 meter.

Der det ikkje er mogeleg for vekkeliing av overflatevatn til eksisterande bekkar og elvar lokalt, må det byggast eigen hovudleidning for overvatn. Overflatevatn skal alltid gå via sandfang før tilknytning til hovudleidning. Leidning frå sandfang skal kopløst til hovudleidning i kum. Unntaksvis kan forgreining utanfor kum godkjennast av VA-ansvarleg i kommunen.

Stikkrenner under veg skal etablerast ved sannsynleg behov. Minste dimensjon for stikkrenner er 250 mm. Til stikkrenner skal det brukast DV rør for dimensjonar 250-630 mm. For større dimensjonar skal prefabrikkerte betongrør brukast. Det skal saman med stikkrenner leggest ledig trekkerør 110 mm i PVC

Ved etablering av stikkrenner og sandfang skal det brukast omfyllingsmassar som hindrar utgraving ved store nedbørmengder, spesielt ved innløp. Hjelpesluk er tillatt.

3.11. Areal mellom vegkant og eigedomsgrense

Arealet skal nyttast til grusa vegskulder, veggrøft, grøftesluk, stikkrenneavslutning, veglys, tennskap og andre tekniske installasjonar og anlegg som vedkjem vegfunksjon eller fellesfunksjonar elles. Arealet skal også ha funksjon som fordrøyning av nedbør og til snølagring ved vintervedlikehald. Langs ytterkant av asfaltert vegskulder/fortau skal det byggast minimum 0,25 m grusa skulder. Veggrøft skal byggast med maksimalt fall 1:4 frå ytterkant grusa vegskulder og dekkast med kult 22-120 i ei djupne på 20 cm. Veggrøft skal vere 0,2 m djup i høve ytterkant grusa skulder og minst 1 m brei rekna frå ytterkant grusa skulder. Overgang mot fjellskjæring skal ikkje dekkast med mold. Areal frå ytterkant grusa skulder til fyllingsfot skal dekkast med mold og såast i.

Arbeid med grøntanlegg skal utførast etter NS 3420-K2.

Fjellskjæring kan byggast med fall inntil 5:1. Fjellskjæring over 8 m skal ha avtrapping. Minste bredde på fjellhulle ved slik avtrapping er 1 m.

Fylling kan byggast med fall inntil 1:1,5. Fylling skal dekkast med mold og såast i.

3.12. Sikring av fjellskjæringar (svv-N200, svv-V223, V224)

Ved nyanlegg og opprusting av eksisterande kommunal veg skal fjellskjæringar, og andre fjelloverflater nær vegen sikrast etter Statens vegvesen sine vegnormalar, jfr. N200 og vegleiar V223 og V224.

3.13. Avkøyrslø til privat eigedom (SVV-N100, SVV-N200 og SVV-veglearar)

Ved nyanlegg og opprusting av eksisterande kommunale vegar og når private vegar skal overførast til kommunen, skal avkøyrslø til privat eigedom byggast etter SVV-N100, SVV-N200 og SVV-veglearar.

Under avkøyrslø til privat eigedom skal det byggast stikkrenner med min. 250 mm DV rør, eller sandfangskum på oversida. Det skal også alltid leggjast 110 mm pvc trekkerør under avkøyrslø for framtidig bruk.

3.14. Fartsdemparar (SVV-N100, N300,N302, V128)

Nye fartsdemparar på alle kommunale vegar, eller vegar som er planlagt overteke av kommunen, skal byggast etter SVV-V128.

Nye fartsdemparar skal alltid markerast med kvit vegmerking eller kantstolpar.

3.15. Vegmurar (SVV-N200,N220,V270)

Ved behov for natursteins-støttemurar langs kommunale veganlegg eller veganlegg som er planlagt overteke av kommunen, skal desse prosjekterast og byggast etter SVV-N200, N220 og SVV-V270.

Som hovudregel skal støttemurar langs kommunale veganlegg byggast som natursteinsmurar. I sentrums og bustads område skal det byggast kl. A murar. Unntaksvi kan betong eller betongstein nyttast viss dette passar inn med omsyn til materialbruk og utsjånad på plassen. Alle typar murar på overside av veg skal stå minimum 1,5 meter i frå asfaltert skulder.

3.16. Skilting/merking (SVV- N300, N302, SVV-V320)

Skilting og vegoppmerking av kommunale vegar eller veg som er planlagt overteken av kommunen, skal utførast etter SVV-N300, N302 og V320.

All skilting av kommunale vegar eller privat veganlegg planlagt overteke av kommunen, skal utførast etter skiltplan signert og godkjend av skiltmynde i kommunen. Ein skal som hovudregel skilte vegar i bustadområde som 30-soner med skilt nr. 366 og 368. Skiltutstyr skal, i sentrumsområde og bustadområde, ha varig farge med fargekode RAL 9005

3.17. Busstopp og leskur (SVV-N100, SVV-V123, V129)

Busstopp og leskur langs kommunal veg skal planleggast og byggast etter SVV-N100 og SVV-V123 og V129.

Ved nyanlegg eller opprusting av eksisterande anlegg, skal busstopp planleggast og byggast med leskur. Dette skal ha minimumsmål 1,6 x 2,5 meter og skal vere prefabrikkert i glass og stål/aluminium med fargekode RAL 9005. Det skal vere benk og rutehaldar i leskuret.

Skilt for busstopp, nr. 512 kan monterast på leskur.

Busstopp skal alltid planleggast og byggast med gatelys.



Eksempel på leskur ved busstopp

3.18. Parkering (SVV-N100, N200, N300, N302 SVV-V129)

Parkeringslommar langs veg og gater og parkeringsplassar skal planleggast, prosjekterast og byggast etter SVV –N100, N200N N300 og SVV-V129.

Parkeringsplassar utformast med parkeringslommar med breidde 2,5 meter og lengde 5 meter. Manøvreringsareal skal vere minst 6 meter (inklusive vegbreidde). HC parkering utformast med måla 4,5 meter x 6,0 meter.

I nye bustadområde bør det byggast skilta gjesteparkering nærmare enn 150 meter frå bustad. Parkering bør vere skilt frå leikeareal. Parkeringsplassar i bustad og næringsområde er normalt ikkje ein del av offentleg vegnett, og skal ikkje overtakast av kommunen.

3.19. Snuareal (SVV-N100, N200)

Snuplassar og vendeareal utformast etter SVV-N100, kap. E.7.6 og N200.

I enden av kommunal veg eller veg som er planlagt overteken av kommunen skal det alltid byggast snuplass. I bustadfelt skal snuplass byggast som vendehammer for lastebil. I næringsområde skal ein som hovudregel bruke snusløyfer for buss.

Snuplassar skal vere ein del av vegarealet til kommunal veg.

3.20. Støytiltak (svv-N200)

Støytiltak og støyskjerming skal planleggast og utformast etter SVV-N200.

Støydempande tiltak langs kommunale vegar skal som hovudregel utformast som jordvoll el. jordvoll med støyskjerm. Støyskjerm må ikkje byggast høgare enn 2,5 meter.

3.21. Ledelinjer for blinde og svaksynte (svv-V129)

Ledelinjer og varslingsmarkering skal planleggast, utformast og byggast etter SVV-V129


På viktige fortau, plassar og gangfelt i sentrumsområde, og ved busstopp og busshaldeplassar skal det etablerast ledelinjer og varslingsmarkering i toppdekket.

3.22. Sikringsgjerde (svv-N200)

Sikringsgjerde langs kommunal veg eller veg planlagt overteke av kommunen, skal planleggast og settast opp etter SVV-N200 kap.7)

Sikringsgjerde langs kommunal veg, eller veg planlagt overteken av kommunen i bustad og næringsområde, skal settast opp på toppen av bratte vegskjæringar som er høgare enn 4 meter og som er ein del av vegarealet, jfr.pkt.4.1.4. Slike gjerde skal utførast som 1,2 meter høge flettverksgjerde med stolpeavstand 2,5 meter. Gjerdet skal vere galvanisert og ha plastbelagt overflate med fargekode RAL 9005 el.tilsvarande. Sikringsgjerde som står i vegarealet har kommunen vedlikehaldsansvar for. Sikringsgjerde utanfor vegareal har ikkje kommunen vedlikehaldsansvaret for, men slike gjerde bør ha same utforming.

Sikringsgjerde som har utforming som rekkverk rundt kommunale parkeringsplassar og andre kommunale areal i bustad og sentrumsområde skal ha overflate med fargekode RAL 9005.



Eksempel på rekkverk

3.23. Gatelys (SVV-N200 og SVV-V124)

Gatelys langs kommunale vegar og vegar som er planlagt overteke av kommunen, skal byggast etter SVV-N200 og SVV-V124

Veglys langs kommunale veganlegg eller anlegg som er planlagt overteke av kommunen, skal ha armatur med LED teknologi. I sentrums og bustadområde skal gatelys med tilhøyrande tennskap ha farge med kode RAL 9005.

3.24. VA-Grøfter (VA-Norm)

Alle VA-grøfter skal planleggast prosjekterast og byggast i tråd med VA-Norm for Bømlo kommune og elles etter «Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledningar over, under og langs offentlig veg»

Etter graving av grøfter på tvers og på langs etter kommunal veg, skal arbeidsområdet sagast med asfaltsag og arbeidsområdet reasfalterast. Etter at området har fått satt seg, skal heile vegbreidda reasfalterast. Leggekantar skal fresast.

3.25. Kabelgrøfter

Arbeid med kabelgrøfter skal elles gjerast etter «Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledningar over, under og langs offentlig veg»

Kabelgrøfter skal byggast etter leiðningseigar sine spesifikasjonar, men minste overdekking skal vere 1,0 meter når grøfta går i kommunal veg.

Etter graving av grøfter på tvers og på langs etter kommunal veg, skal arbeidsområdet sagast med asfaltsag og arbeidsområdet reasfalterast. Etter at området har fått satt seg, skal heile vegbreidda reasfalterast. Leggekantar skal fresast.

3.26. Graving i kommunale vegar.

Gravearbeid skal elles gjerast etter «Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledningar over, under og langs offentlig veg»

Alle som skal grave i eller langs kommunale vegar, parkeringsplassar eller anna trafikkareal, må søke kommunen om graveløyve. Det må også gravemeldast til BVA as, Geomatikk as og Finnaas el. Fitjar kraftlag.

Gjeld det arbeid i område ope for alminneleg ferdsel, må det også godkjennast ein arbeidsvarslingsplan før arbeidet startar.

Søknadsskjema for graveløyve, Gravemeldingsskjema og mal for arbeidsvarslingsplan er tilgjengeleg ved henvending til kommunen (Teknisk Drift) eller kan skrivast ut frå Bømlo kommune sine nettsider.

3.27. Tekniske planar for vegar.

Det skal ved større nyanlegg i bustadfelt, eller veganlegg med eigen reguleringsplan, alltid utarbeidast teknisk plan for anlegget. Denne skal innehalde:

Oversiktskart

Plan og profiltegning

Normalprofil og overbygning

Dreneringsplan med kum tegninger

Tegning med kabler og linjer

Skilt og oppmerkingsplan

Tegning for gatelys og tennskap

Tverrprofiler

Tegningene skal produserast i pdf, A3-format, eller i pdf, A1-format.

3.28. Dokumentasjon og innmåling av nye kommunale veganlegg.

Alle nye eller rehabiliterte kommunale vegar eller vegar som er planlagt overteke av av kommunen skal dokumenterast.

Innmåling.

Veganlegg med veglysanlegg og grøfter inkl leidnings- og kabelanlegg skal målast inn (grøfter ved open grøft) og koordinatfestast i EUREF89, UTM32 og NN2000

Dokumentasjon skal leverast kommunen på SOSI-format som enten linjer eller punkt (jfr. oppsett nedanfor).

Eigenskapar skal leggast på innmålte objekt etter FKB og NVDB standarden (1 base for FKB og 1 base for NVDB, jfr. oppsett nedanfor).

Det skal i tillegg følgje med eit «som bygd» kart i pdf-format.

Dette skal dokumenterast:


- Senterlinje (linje, FKB og NVDB)
- Ytterkant asfaltert skulder (linje, FKB og NVDB)
- Kantstein (linje, FKB og NVDB)
- Senter open veg-grøft
- Sandfang og hjelpesluk (punkt, FKB og NVDB)
- Overvatn og drensledningar (linje, FKB)
- Veglys (punkt, FKB og NVDB)
- Veglys-tennskap (punkt, FKB og NVDB)
- Veglyskablar i trase (linje, FKB)
- Kabelanlegg (linje, DKB)
- Bilde av anlegg i grunnen (grøfter, grøftestengsel, sandfangskummar)
- Kumskjema for sandfangskummar med bilde av innvendig kum orientert mot nord.
- Kopi av tinglyste avtaler, fråsegner og skøyte.
- FDV.

Vedlegg:

Søknadsskjema graveløyve

GRAVEMELDING			
For Telenor, Finnås Kraftlag(Breiband og kraftkablar), BVA AS og Bømlo kommune v/teknisk drift			
Kva skal utførast :			
Gnr. Bnr.			
Stad:			
Tiltakshavar:			
Tlf. :			
Grunneigar:			
Entreprenør:			
Røyrleggjar:			
<p><i>Ved kryssing/arbeid på/i/ved riks-/fylkesveg pliktar entreprenør å innhente særskilt graveløyve frå vegsjefen.</i></p> <p><i>Ved kryssing/arbeid på/i/ved kommunal veg pliktar entreprenør å innhente særskilt graveløyve frå Teknisk drift.</i></p>			
Leidningseigarane har fylgjande merknader til arbeidet:			
Finnås Kraftlag	Telenor	BVA AS Bømlo vatn og Avløpsselskap	Bømlo kommune Teknisk drift
Tlf: 53 42 89 00, firmapost@finnas- kraftlag.no	Kontakt Telenor på telefon 09146 fax 800 80 146	Kontakt BVA AS på post@bva.no	Tlf.94107581
Kraft og fiber			E-post: postmottak@bomlo.kommune.no
Underskrift:	E-post: gravemelding.bergen@geomatikk.no		Underskrift:
Dato:			Dato:
Gyldig til:	Finn meir informasjon på www. gravemelding.no		Gyldig til:
Kommentar:			Kommentar:
<p>Desse underskriftene er ikkje forpliktande lengre enn 3 månader etter påført dato.</p> <p>Gravearbeidet er påvist på vedlagt kartskisse (som også skal signerast av etatane). Entreprenøren pliktar sjølv å halda ved like merker som er sett ut av etatane. Dette dokumentet skal utførande entreprenør oppbevare minst 2 år etter at arbeidet er avslutta. Entreprenøren er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande reglar og pliktar å fylgja instruksar frå offentlege etatar. Dersom det oppstår skade på leidningar, leidningsanlegg i grunnen, utan at desse er påvist, har entreprenøren full erstatningsplikt, også mot tredjemann.</p> <p>NB! Det skal alltid vera kart med meldinga</p>			
Avsendar:		Dato:	

Skjema for gravemelding



Søknad om løyve til arbeid i eller ved kommunal veg

Bømlo kommune

Etter Veglova §§ 32 og 57, og forskrifter om varsling av arbeid på off. veg, FOR-2017-11-24-1836, vert det med dette søkt om løyve til:

Graving Luftspenn Belting Anna
 Veg nr.: _____ Hp: _____ Km: _____ - _____ Vegnamn/stad: _____

Arbeida gjeld:

VA-grøft Kabelgrøft Avkjørsel/siktsone
 Anna: _____

Noverande dekke:

Asfalt Grus Anna: _____

Eigedom, gnr.: _____ bnr.: _____ slik det er vist på vedlagt kart i målestokk 1:1000

Skildring av arbeidet: _____

Arbeidet er ynka oppstarta: _____ og venta avslutta: _____

Antall kryssingar: _____ stk. Boring: ja, ved km: _____ nei

Lengde på luftspenn/grøft langs veg: _____ m frå km: _____ til km: _____

Som eigar av og oppdragsgjevar/byggherre for anlegget, tek eg på meg ansvaret for ferdig stilling av anlegget uten kostnader eller meirarbeid for Bømlo kommune.

Eg garanterer for at arbeidet vil bli utført etter "norm for kommunale vegar i Bømlo", og godtek dei vilkår for løyvet som går fram av dette søknadsskjemaet.

Oppdragsgjevar/byggherre: _____

Adresse: _____

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar/byggherre: _____ Tlf: _____

Dato: _____ Underskrift: _____

Som entreprenør er eg kjend med dei plikter som gjeld for undersøking på gravestaden. Det er sett kryss for dei type anlegg som fins på staden:

El-kabel Vassleidning Grøntanlegg
 Tele-kabel Avløpsledning Kulturminne
 Fiber-kabel Skilt Anna: _____

Nødvendige opplysningar om anlegga er innhenta og arbeidet er gravemeldt dato: _____

Arbeida vert utført etter "Norm for kommunale vegar i Bømlo" og etter tilvisning av vedkomane etatar. Eg godtek dei plikter som arbeid i offentlig veg medfører.

Godkjend plan for arbeidsvarsling vil ligge føre før arbeidet vert sett i gong.

Eg stadfester at mi bedrift har tilstrekkeleg ansvarsforsikring for dette arbeidet

Entreprenør: _____ Epost: _____

Dato: _____ Underskrift entreprenør _____

Graveløyve:
 Det vert med dette gjeve løyve til arbeidet som omsøkt ovanfor. Løyvet er gyldig i 2 mnd. frå løyvedato:

Løyvedato: _____ Signatur, Teknisk Drift: _____